

Onsdag kveld inviterer Uskedalen utvikling til nytt ope møte i Gamleskulen. Møte er todelt:

kl. 19.00: Revisjon av nettsida uskedalen.no

Hans Ordin Østebø og Tore Mathisen legg fram ein skisse til oppdatering og endring.

Det er viktig at alle lag med informasjon i venstre kolonne møter og er med i drøftingane om korleis dette bør vera. Det same gjeld firma og verksemdar med reklameplass i høgre kolonne.

Dersom det er nye organisasjonar og firma som ynskjer plass på sida, bør ein møta fram.

Dersom det er noko som skal ut av sida, bør ein vita om det og.

kl. 20.00: Sommarsesongen og profilering

Her legg vi opp til ei drøfting om korleis og i kva media Uskedalen skal vera profilert.

Vi legg fram skisse frå det nye Kvinnheradmagasinet som frå 2012 heiter Draumen om Folgefonna.

Det same gjeld informasjon om lokalavisene sine sommaraviser og Visit Sunnhordland sin brosjyre.

Alle med tilbod innan overnatting, servering, handel, fiske, turstiar, camping, arrangement og kultur vert med dette innkalla.

Styret